
Seminar om immateriell kulturarv i musea

16 – 17 september 2019

Norsk fjellsenter i Lom

Seksjon for immateriell kulturarv i Noregs museumsforbund inviterer til seminar. Årets tema er bruk av natur og musea sitt arbeid med dette. Gudbrandsdalsmusea og Norsk fjellsenter er vertskap og årets seminar blir på fjellsenteret i Lom nasjonalparklandsby.

I fjellområda rundt Lom har over 3000 gjenstandar smelta ut av isbrear og fonner dei siste 15 åra. Dei eldste er over 6000 år gamle. Desse spora etter menneska i fortida har danna utgangspunkt for mykje av museet sitt arbeid med immateriell kulturarv. På seminaret får du innblikk i korleis menneske har brukt fjellandskapet og korleis vi arbeider med denne kulturarven i dag.



Program for seminar om immateriell kulturarv i musea

Måndag 16. september

13:00

Velkomen ved seksjonen og fjellsenteret

Dugurd på Fjellsenteret

14:00

Arv i naturkultur- perspektiv: Kvar vart det av naturen i dei kulturhistoriske musea?

Brita Brenna // Professor i museologi

15:00

Korleis jobbar vi med immateriell kulturarv i Gudbrandsdalsmusea

Øystein Rudi // Direktør for Gudbrandsdalsmusea

Villreinløypa – Jakt og fangst frå museum til fjell

Ellen Syse // Prosjektleder for Villreinløypa

Musikk frå fjellet, dokumentasjon og bruk

Tom Willy Rustad og Kristin Akslen Hagen // folkemusikkarkivarar i Gudbrandsdalsmusea

Barske glæder: enkelt friluftsliv for skuleelevar

Mai Bakken // Dagleg leiar for Norsk fjellsenter

16:00

Kaffi

16:15

Ferdsl i fjellet – dokumentasjon og ny vandring

Espen Finstad // Fylkesarkeolog i Oppland fylkeskommune

17:00

Om erfaringane med utstillinga Bergtatt

Thea G. Dalen // Prosjektleder for utstillinga

17:30

Omvising i Bergtatt

19:30

Middag Fossheim hotell

Kunstnarisk innslag ved Gudbrandsdalens museumsspelemenn

Tysdag 17. september

08:30

Ei praktisk tilnærming til forhistoriske ski

Dag Inge Bakke // Naturveglear i Klimapark 2469

09:00

Rekonstruksjon av knivfunn i fjellet og test i praktisk bruk

Kjell Bengtsen // Skimakar og handverker

09:30

Ressursar frå fjellet, forhistoriske teknikkar og ny bruk

Sofie Kleppe // Mester i tradisjonell garving

10:15

Kaffi

10:30

«Best practise» frå deltakande museum – 10 min innlegg pr. museum

11:30

Oppsummering – vegen vidare

12:00

Dugurd på Brimi bue

13:00

Tur til Klimapark 2469 – hugs påmelding

50 meter inn i isen – 7000 år attende i tid

Guida tur til klimaparken 17 september. Vi køyrer i samla flokk opp til vår utandørs formidlingsarena ved foten av Galdhøpiggen. Der får vi omvising og tur inn i istunnelen. Avreise frå Lom kl. 13.00. Vi er attende i Lom ca. kl. 17 slik at dei som skal ta tog og korresponderande buss frå Lom 17.20 rekker denne. **Pris pr. pers er 345,-.**

<https://klimapark2469.no>

Påmelding

Seminaravgift kr. 1100,- . Denne dekker foredrag, lunsj og middag. Tur til klimaparken kjem i tillegg og kostar kr. 345 pr. pers. Denne bestillast samtidig som påmelding.

Påmelding til thea@norskfjellsenter.no innan **15. august**. Hugs å oppgi fakturaadresse og evt. omsyn til mat. Overnatting og transport bestillast separat.

Overnatting

Vi har avtale med Fossheim hotell i Lom om overnatting. Overnatting i dobbeltrom kostar kr. 395 pr. pers. Overnatting i enkeltrom kostar kr. 680 pr. pers. Overnatting bestillast og betalast av kvar einskild.

Ved bestilling oppgi reservasjonsnummer: **109078 NMF Seminar**

Transport til og frå Lom


Til Lom kjem ein anten med bil eller buss. Det går tog til Otta som ligg om lag ein time frå Lom. Fjellovergane brukar vere opne på denne tida. Her er oversyn over aktuelle rutetider:

Til Lom måndag 16. september:

Tog Oslo – Otta: 08.08 – 11.32
Buss Otta – Lom: 11.57 – 13.04

Frå Lom tysdag 17. september:

Buss Lom – Otta: 15.10 – 16.05
Tog Otta – Oslo: 16.27 – 20.04



Alternativt transport for dei som skal vere med i klimaparken

Buss Lom – Otta: 17.20 – 18.25
Tog Otta – Oslo: 18.38 – 22.04